

BOKN KOMMUNE

Kommunestyret

Innkalling

Møtedato: 07.11.2017
Møtestad: Boknatun
Møtetid: Kl. 19:00

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melda frå så snart råd er, tlf. 52 75 25 00, slik at varamedlem kan bli innkalla. Varamedlemer møter etter nærare innkalling.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på Boknatun. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utleverte i møtet. Dersom medlemene på førehand ønskjer å gjere seg kjent med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengelege på rådhuset.

Det blir orientering om folkehelsearbeidet i forkant av møte v/ samfunns- og utviklingssjef Anne Elisabeth Askeland.

Bokn kommune
31.10.2017

Tormod Våga
Ordfører

Jan Erik Nygaard

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
040/17	Godkjenning av innkalling
041/17	Godkjenning av møteprotokoll
042/17	Bokn kommune - løyving av midlar til grøft og overvassleidning nord for Boknatun
043/17	Bompengereformen – innfasing av Haugalandpakken AS i SØRVEST BOMVEGSELSKAP AS
044/17	Budsjettkontroll 3 kvartal 2017
045/17	Sakshandsaming av bygge- og delesaker - kjøp av tenester frå Karmøy kommune - delegering av mynde
046/17	Søknad om tilleggsløyving til maling av Bokn kyrkje.
047/17	Godtgjersle for folkevalde.
048/17	Forvaltningsrevisjonsrapport - Plan, byggesak og eiendom
049/17	Samlesak for referatsaker

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	07.11.2017	040/17

Saksansv. Gro Sørensen	Arkiv K1 - 033	Arkivsaknr 17/562
-------------------------------	-----------------------	--------------------------

Godkjenning av innkalling

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	07.11.2017	041/17

Saksansv. Gro Sørensen	Arkiv K1 - 033	Arkivsaknr 17/562
------------------------	----------------	-------------------

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
19.09.2017	Møteprotokoll Kommunestyret KS 19.09.2017

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	24.10.2017	043/17
Kommunestyret	07.11.2017	042/17

Saksansv. Kåre Bua	Arkiv K1 - 153, K2 - Q07	Arkivsaknr 17/559
--------------------	--------------------------	-------------------

Bokn kommune - løyving av midlar til grøft og overvassleidning nord for Boknatun

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bokn kommune løyver kr 600.000,- til ny grøft og overvassleidning nord for Boknatun. Tiltaker er ei investering og midlane blir å henta frå auka låneoptak.

Formannskapet 24.10.2017:

Behandling:

FS- 043/17 Vedtak:

Samrøysta vedtak:

Bokn kommune løyver kr 600.000,- til ny grøft og overvassleidning nord for Boknatun. Tiltaker er ei investering og midlane blir å henta frå auka låneoptak.

Kva saka gjeld:

Saka gjeld midlar til ny grøft og overvassleidning nord for Boknatun.

Bakgrunn for saka:

Samstundes med at ein sette i gong byggearbeidet på dei nye trygdebustadene fekk ein store lokale nedbørsmengder. Noverande overvassleidning, som leier bort det meste av vatnet frå området vest for Boknatun, går under bygget. Leidningskapasiteten blei utnytta til bristepunktet. På grunn av fare for flaum, som ville føra til store problem i samband med byggeprosjektet, fann Rådmannen det naudsynt å vurdera overvassproblematikken for heile området.

Det kom fram at fare for flaum i samband med bygging av trygdebustadane kunne føra til store skader. Rådmannen har difor funne det naudsynt å setja i gong arbeidet før løyvinga er gjort.

Saksutgreiing:

Ein har i seinare år bygd ut bustadfeltet vest for Boknatun. Ein bygger no nye omsorgsbustader i tilknytning til sjukeheimen. All bygging av hus, vegar og plassar gjer at porøse overflater av gras, skog og mark blir erstatta av harde og tette flater. Dette gjer at nedbøren ikkje sig ned i marka, men blir med det same skylt vidare til grøfter, bekker og dressystem. Samstundes som ein ved bygging har forverra overvassproblematikken, har ein i seinare tid sett at det oftare en før kjem store lokale nedbørsmengder, som fører til flaum. Noverande overvassleidning, som går under Boknatun, har for liten dimensjon til å ta auka vassmengder. Ein må difor finna ei ny løysing for framtida.

Ei løysing kunne vera å auka dimensjonen på noverande leidning. Rådmannen ser på dette som ei lite tenleg løysing. Ein har difor valdt å leia størsteparten av vatnet i leidningen nord for Boknatun. Bekkevatnet blir leia nord- og nedover i leidning og grøft til det renn inn i eksisterande system nedanfor Boknatun i nord aust. Ein mindre del av vatnet vil framleis gå i leidningen under Boknatun. Samla gjev dette ein stor auke av kapasiteten, som rådmannen meiner vil løysa problemet så langt ein kan sjå. Ein har fått overslag frå entreprenør. Arbeidet kan bli gjort innaføre ei kostnadsramme på kr 600.000,-.

Vurdering:

Rådmannen ser det slik at det beste er ei kombinert lysing der det meste av vatnet blir ført i ny leidning og grøft nord for Boknatun samstundes som ein mindre del går i eksisterande leidning. Han ber difor om at kommunen løyver midlar til å gjennomføra denne omlegginga. Som tidlegare nemt har Rådmannen funne det naudsynt å setja i gong arbeidet før løyvinga er gjort.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	24.10.2017	046/17
Kommunestyret	07.11.2017	043/17

Saksansv. Jan Erik Nygaard	Arkiv K2 - Q33	Arkivsaknr 17/332
----------------------------	----------------	-------------------

Bompengereformen – innfasing av Haugalandpakken AS i SØRVEST BOMVEGSELSKAP AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Bokn kommunestyre vil imøtekomme planene om regionale bompengeselskap og tilhørende rabattstruktur, og gir følgende fullmakter til ordfører Tormod Våga eller den han bemyndiger til å representere kommunen i kommende generalforsamlinger i Haugalandspakken AS:

- a. At kommunens representant stemmer for at Haugalandspakken AS fusjoneres med overtakende selskap, Sørvest Bomvegselskap AS.
- b. At kommunens representant stemmer for at samtlige aksjer kommunen har i Haugalandspakken AS overføres til eierne av Sørvest Bomvegselskap AS i tråd med den modell statlige myndigheter anbefaler.

Bokn kommunestyre er oppmerksom på at aksjene i Hauglandspakken AS kan kreves overdratt vederlagsfritt. Eventuelt tap skal kostnadsføres som nedskrivning av finansielle verdier. Det skal likevel arbeides for at kommunen får oppgjør tilsvarende minimum bokført verdi, kr. 40.000.

2. Bokn kommune anmoder om at ny takst- og rabattordning innføres i Haugalandspakken. Dagens tilleggsavtaler for å oppnå lokal rabatt i avvikles. Det innføres en rabatt på 20 pst. for kjøretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig brikkeavtale. Det gis ikke rabatter for kjøretøy i takstgruppe 2.

3. Bokn kommunestyre forutsetter at nødvendig saksbehandling og praktiske oppgaver knyttet til innfasingen, initieres og gjennomføres av det sittende styret og generalforsamling i Haugalandspakken AS.

Formannskapet 24.10.2017:

Behandling:

FS- 046/17 Vedtak:

1. Bokn kommunestyre vil imøtekomme planene om regionale bompengeselskap og tilhørende

rabattstruktur, og gir følgende fullmakter til ordfører Tormod Våga eller den han bemyndiger til å representere kommunen i kommende generalforsamlinger i Haugalandspakken AS:

- a. At kommunens representant stemmer for at Haugalandspakken AS fusjoneres med overtakende selskap, Sørvest Bomvegselskap AS.
- b. At kommunens representant stemmer for at samtlige aksjer kommunen har i Haugalandspakken AS overføres til eierne av Sørvest Bomvegselskap AS i tråd med den modell statlige myndigheter anbefaler.
Bokn kommunestyre er oppmerksom på at aksjene i Hauglandspakken AS kan kreves overdratt vederlagsfritt. Eventuelt tap skal kostnadsføres som nedskrivning av finansielle verdier. Det skal likevel arbeides for at kommunen får oppgjør tilsvarende minimum bokført verdi, kr. 40.000.

2. Bokn kommune anmoder om at ny takst- og rabattordning innføres i Haugalandspakken. Dagens tilleggsavtaler for å oppnå lokal rabatt i avvikles. Det innføres en rabatt på 20 pst. for kjøretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig brikkeavtale. Det gis ikke rabatter for kjøretøy i takstgruppe 2.

3. Bokn kommunestyre forutsetter at nødvendig saksbehandling og praktiske oppgaver knyttet til innfasingen, initieres og gjennomføres av det sittende styret og generalforsamling i Haugalandspakken AS.

Vedtaket var samrøysta.

Kva saka gjeld:

Om bompengereformen:

Den nasjonale bompengereformen består av fem ulike tiltak som alle skal bidra til det samlede målet om mer penger tilbake til vei og økt brukervennlighet for trafikantene.

De fem tiltakene er:

Overgang til fem regionale bompengeselskap

Utskilling av utstederfunksjonen

Ny rolle- og ansvarsdeling i sektoren

Forenklet takst- og rabattstruktur

Incentivordning med statlig finansiering (Tilskuddsordningen for reduserte bompengetakster utenfor byområdene)

Bakgrunn for saka:

Saksutgreiing:

1. Overgang til fem regionale bompengeselskap

Det er nå etablert fem regionale bompengeselskap i Norge, hvor Sørvest Bomvegselskap AS er det regionale bompengeselskapet for Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Aust- og Vest-Agder. Selskapet er eid av de nevnte fylkeskommunene og skal ha hovedkontor i Bergen.

Eierne i alle bompengeselskap må ta stilling til hvorvidt bompengeselskapet skal inngå i/overdras til et av de regionale bompengeselskapene. Dette er frivillig, men Vegdirektoratet anbefaler at alle bompengeselskaper tilsluttes et regionalt bompengeselskap. Stortinget har gitt sin tilslutning til at det er de fem regionale bompengeselskapene som skal stå for bompengereinnkrevningen i fremtiden, og bompengeselskap som velger å stå utenfor den regionale organiseringen må ta konsekvensen av dette. Gevinster av stordriftsfordeler i regionen vil ikke tilfalle lokale, frittstående bompengeselskap.

De regionale bompengeselskapene vil i fremtiden heller ikke kunne yte tjenester til lokale bompengeselskap.

2. Utskilling av utstederfunksjonen

Rollen som brikkeutsteder skal skilles ut fra bompengeselskapet. Dette betyr at utstedervirksomheten må skje i en organisatorisk enhet som ligger utenfor bompengeselskapet. Haugalandspakken har i dag utstedt om lag 80 000 egne brikker.

3. Ny rolle- og ansvarsdeling i sektoren

Statens vegvesen har til nå ivaretatt mange av de operative oppgavene i bompengesektoren. Samferdselsdepartementet har bestemt at de regionale selskapene skal, så langt det lar seg gjøre, overta disse operative oppgavene fra Statens vegvesen. Statens vegvesens ansvar vil dermed bli å ha en myndighetsrolle overfor bompengeselskapene.

4. Forenklet takst- og rabattstruktur

Stortinget har vedtatt å innføre et nytt takst- og rabattsystem for bompengeprojekter. I det nye systemet legges det opp til en standardisering av rabatter for hele landet og fjerning av lokale særordninger. Særlig er forskuddsbaserte rabatter blitt identifisert som problematisk og Statens vegvesen anbefaler at alle eksisterende bompengeprojekt avvikler ordningen med slike rabatter.

Det nye takst- og rabattsystem gir en rabatt 20 pst. ved bruk av brikke for takstgruppe 1 (kjøretøy inntil 3500 kg). For takstgruppe 2 (kjøretøy over 3500 kg) faller rabatten bort siden det er innført brikkeplikt. Brikkerabatten for takstgruppe 1 skal gi et incentiv for bilistene til å benytte brikke. Passeringsavgiftene faktureres etterskuddsvis i motsetning til de forskuddsbaserte rabattene.

5 Tilskuddsordningen for reduserte bompengetakster utenfor byområdene

I Statsbudsjettet for 2017 ble det opprettet en tilskuddsordning for reduserte bompengetakster utenfor de største byområdene. Tilskuddet er videre ment å motivere bompengeselskapene til gjennomføring av bompengereformen. Tilskuddet skal være tilstrekkelig til å redusere takstene med 10 prosent.

For Haugalandspakken er tilskuddet beregnet til **19 mill.** kr for 2017.

Konsekvenser for Haugalandspakken

Bompengereformen vil få konsekvenser for de bompengeselskapene som velger ikke å inngå i et av de regionale selskapene. I forbindelse med avklaringen av roller og ansvar i bompengesektoren har Samferdselsdepartementet vært tydelige på at forholdet til et fåtall selskap som velger å stå utenfor den nye organiseringen en stund fremover «vil ikke være styrende for den nye rolle- og ansvarsdelingen. Disse selskapene må ta konsekvensen av å stå utenfor og får dermed ikke uten videre ta del i den samme effektiviseringen av sektoren».

Bompengeselskaper som står utenfor de regionale bompengeselskapene, vil i fremtiden ikke tilfredsstille vilkårene for å drive utstedervirksomhet. Disse selskapene må derfor ta stilling til om de ønsker å overføre kundeforholdene til en annen utsteder/regionalt bompengeselskap, eller avslutte kundeforholdene. Dersom Haugalandspakken velger å stå utenfor det regionale bompengeselskapet er det viktig at selskapet så snart som mulig starter prosessen med avklaringer rundt fremtidig kundeforhold og avvikling av sin utstedervirksomhet for å sikre at avtalekunder ikke skal stå uten rabattordning eller gyldig brikke.

Bompengeselskaper som står utenfor de regionale bompengeselskapene vil sannsynligvis få økte kostnader i og med at det blir langt færre selskaper igjen å dele kostnadene med. Det vil si at jo færre selskaper som står igjen utenfor den regionale strukturen og deler disse kostnadene, desto høyere vil kostnadene bli per selskap.

Styret i Haugalandspakken AS mener at innfasing av selskapet i det regionale bompengeselskapet vil medføre at selskapet kan få del i stordriftsfordeler, effektive løsninger og mer profesjonell drift som vil føre til mer vei for pengene. Det kan nevnes at Rogaland fylkesting allerede i juni 2016, sak 60/16, ba om at arbeidet med å innfusjonere Rogfast AS og Nord-Jæren i det regionale bompengeselskapet, ble prioritert.

Styret i Haugalandspakken har i brev datert 14.06.17 detaljert gjort rede for hvilke konsekvenser de ser bompengereformen vil få for selskapet.

Rådmannens vurdering og tilråding:

Det er tverrpolitisk enighet om at det er et mål at alle former for avgiftsinnkreving og skattlegging skjer på den mest kostnadseffektive og rasjonelle måten. Innkreving av bompenger er i denne sammenheng ikke noe unntak. Den statlige bompengereformen med etablering av regionale bompengeselskaper er ett virkemiddel for å nå dette målet. Rådmannen deler i så måte styret i Haugalandspakken sin vurdering av at dette vil gi stordriftsfordeler, effektive løsninger og mer profesjonell drift som i neste omgang vil føre til mer veg for pengene.

I forbindelse med at fylkestinget vedtok å søke om å øke bompengesatsene, vedtok en også endret takst- og rabattordning. Bokn kommune anbefalte dette i sin høringsuttalelse. For oversiktens og klarhetens skyld, anbefaler rådmannen at dette også framgår av den foreliggende behandling.

For øvrig er virkemidlet for å nå målet om at de etablerte bompengeselskapene skal slutte seg til de regionale selskaper, en blanding av pisk og gulrot i kjent statlig stil. En lokker med tilskudd som vil redusere takstene med minimum 10 % samtidig som det blir gjort administrative grep som gjør det vanskeligere og dyrere å videreføre driften som frittstående bompengeselskaper.

Samlet sett er dette forhold som gjør at rådmannen vil anbefale at Bokn kommune som deleier i Haugalandspakken gir sin tilslutning til at selskapet innfases i Sørvest Bompengeselskap AS.

Formelt er det generalforsamlingen i Haugalandspakken AS som må vedta dette. Kommunestyrets vedtak vil gi føringer for hvilke holdninger kommunens representanter skal ha når generalforsamlingen i Haugalandspakken AS skal behandle spørsmålet. Det er for øvrig sendt ut varsel om ekstraordinær generalforsamling i selskapet den 30. oktober.

Det er all grunn til å tro at det blir flere eksisterende bompengeselskaper som ønsker å bli innfaset i Sørvest Bomvegselskap AS. I etterkant av et eventuelt vedtak om å innfase Haugalandspakken AS, må det derfor finnes løsninger for hvordan dette i praksis skal gjennomføres. Dette vil bli en oppgave for det sittende styret og generalforsamlingen i Haugalandspakken AS.

Til slutt er det å bemerke at det antas at eierne av lokale bompengeselskaper får oppgjør tilsvarende bokført verdi av aksjene, men dette er ikke avklart. Det kan i ytterste konsekvens komme krav om at aksjene overdras vederlagsfritt til eierne av de fem nye, regionale bompengeselskapene. Rådmannen anbefaler at Bokn kommune gir sin tilslutning til at Haugalandspakken AS innfases i Sørvest Bomvegselskap AS.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	24.10.2017	047/17
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	24.10.2017	019/17
Kommunestyret	07.11.2017	044/17

Saksansv. Solrunn Alvestad	Arkiv K1 - 151	Arkivsaknr 17/335
----------------------------	----------------	-------------------

Budsjettkontroll 3 kvartal 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen rår til at budsjettkontrollen vert tatt til etterretning og at meirutgiftene ved overgang til byggesaksbehandling i Karmøy, kr. 300.000 vert dekket av reservert løyving.

Vedtaket som innstilling frå Formannskapet - 24.10.2017 - 047/17

Budsjettkontrollen vert tatt til etterretning og meirutgiftene ved overgang til byggesaksbehandling i Karmøy, kr. 300.000 vert dekket av reservert løyving. Vedtaket vart samrøysta vedtatt.

Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma 24.10.2017:

Behandling:

SB- 019/17 Vedtak:

Rådmannen sitt forslag vert teken til etterretning.

Formannskapet 24.10.2017:

Behandling:

FS- 047/17 Vedtak:

Budsjettkontrollen vert tatt til etterretning og meirutgiftene ved overgang til byggesaksbehandling i Karmøy, kr. 300.000 vert dekket av reservert løyving. Vedtaket vart samrøysta vedtatt.

Kva saka gjeld:

Budsjettkontroll etter 3. kvartal 2017

Bakgrunn for saka:

Administrasjonen skal leggja fram budsjettkontroll kvart kvartal inkl. tiltaksrapport frå den enkelte seksjon

Saksutgreiing:

	Buds(ønd) 2017	Røgnskap 2017	%- forbr
Grp. Ansvar: 1 SENTRALADMINISTRASJONEN			
Utgifter	16.072.400	11.085.803	69
Inntekter	-885.900	-1.016.868	115
Sum grp. Ansvar: 1 SENTRALADMINISTRASJONEN	15.186.500	10.068.935	66
Grp. Ansvar: 2 SEKSJON KULTUR, SKULE OG B.HAGE			
Utgifter	30.161.000	24.169.787	80
Inntekter	-4.407.000	-4.832.627	110
Sum grp. Ansvar: 2 SEKSJON KULTUR, SKULE OG B.HAGE	25.754.000	19.337.161	75
Grp. Ansvar: 3 SEKSJON HELSE, PLEIE OG OMSORG			
Utgifter	26.506.200	21.500.875	81
Inntekter	-4.268.000	-4.053.344	95
Sum grp. Ansvar: 3 SEKSJON HELSE, PLEIE OG OMSORG	22.238.200	17.447.531	78
Grp. Ansvar: 4 SEKSJON SOSIAL OG BARNEVERN			
Utgifter	2.916.500	2.418.263	83
Inntekter	-154.700	-42.325	27
Sum grp. Ansvar: 4 SEKSJON SOSIAL OG BARNEVERN	2.761.800	2.375.938	86
Grp. Ansvar: 6 SEKSJON TEKNISK			
Utgifter	13.191.320	9.600.627	73
Inntekter	-9.563.800	-5.051.878	53
Sum grp. Ansvar: 6 SEKSJON TEKNISK	3.627.520	4.548.748	125
Grp. Ansvar: 9 FINANSIERING			
Utgifter	14.206.980	4.775.763	34
Inntekter	-83.813.000	-53.884.461	64
Sum grp. Ansvar: 9 FINANSIERING	-69.606.020	-49.108.698	71
T O T A L T	-38.000	4.669.616	

Sentraladministrasjonen:

Ut frå samanlikning med tidlegare år er sentraladministrasjonen sine faste utgifter i samsvar med budsjettet. I forbindelse med byggesaksbehandling i Karmøy har vi på IT sida fått ein meirkostnad på ca. kr. 300.000,-. Dette skuldast flytting av programvare, tilgang til elektronisk kommunikasjon (Svarinn/Svarut) samt lisenskostnader til 20 saksbehandlarar i Karmøy. Denne kostnaden er ikkje budsjettetert og ein ber difor om at dette vert finansiert frå reservert løyving. Sjukefråværet er på 0,4%.

Kultur, skule og barnehage:

Seksjonen ligg samla sett i balanse. Barnehagen har hatt høgare utgifter til lønn for faste ansatte enn budsjettet. Det skuldast i hovudsak at barnehagen overtok noko personalressurser i løpet av sommaren som ikkje er lagt i budsjettet for barnehagen (30% knytt til ungdomsarbeidarstillingen og 40% ressurs knytt til eit barn med spesielle behov som flytta få kommunen ved skulestart).

Seksjonen har eit samla fråver på 8,5%. Barnehagen ligg høgt med 11,13%, dette skuldast i hovudsak langtidsfråver, medan skulen har 3,8%. Mindre avdelingar med få tilsette har og høgt fråvær, men er knytt til einskild tilsette.

Prognose for 2017 er balanse.

Helse, pleie og omsorg:

Seksjonen ligg samla sett i balanse. Legesenteret har høgare inntekter enn forventa, noko som bidrar for å få seksjonen i balanse. Sjukestova har noko høgare lønnsutgifter enn forventa, men har eit mål om å komme i balanse ved årets slutt grunna inntekter til ressurskrevande brukar (tilskudd kjem ved årets slutt).

Seksjonen har eit samla fråvær på 8,5% (9,8% på sjukestova og 10,9% i bu og aktivitet). Sjukestova og bu og aktivitet har hatt ein vinter med mykje sjukefråver knytt til forkjølelse, influensa og omgangssjuke som har gjeve auka trong for vikarar i tillegg til nokre langtidsfråver

Sosial og barnevern:

Utgiftene på dette området ligg høgt. Sosial har brukt 95% av budsjettet. Barnevernet har brukt 76%, men her er berre utgiftene tom 2. kvartal lagt inn. Ved framskriving av kostnadene ligg det an til eit overforbruk på ca kr. 700.000,-.

Teknisk:

Utgiftene i teknisk er i samsvar med vedtatt budsjett, men inntektene er budsjettet 2,3 mill. for høgt. Dette er inntekta som er avtalt med Vegvesenet for kjøp av vatn når dei startar opp med tunellen. Inntekta vil kome i neste år. 1,3 mill. av dette kan finansierast av at lånekostnadene er mindre enn budsjettet. Seksjonen har hatt eit sjukefråvær på 1,6%.

Vurdering:

Rådmannen rår til at budsjettkontrollen vert tatt til etterretning og at meirutgiftene ved overgang til byggesaksbehandling i Karmøy vert dekkja av reservert løyving.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
16.10.2017	Rappport nr. 3

Rapport nr. 3 - Rammeområde 1 - Tiltaks- og budsjettkontroll 2017

Rammeområde: 1 Tiltak vedtatt i:	Gjennomført	Under arbeid	Ikkje starta			
				Budsjett	Rekneskap	Merknad
Budsjett:						
Post / arkiv rutiner	x	x		300 000		Arkivplanen for Bokn er under ferdigstilling og godkjenning. Oppgraderinga av WebSak er startet, og opplæring av saksbehandlere starter opp i april/mai.
Ny telefonsentral			x	250 000		
Kompetanseplan	x			200 000		Under arbeid
Bygdesoge	x				-13 367	Rest fond kr.46.646, sal i 2017 kr.13.367
Årleg avsetning til orgel		x		50 000		
Auke IT	x			200 000		
Formannsskap:						
Bruk av næringsfond utgreiing av vaktmestertenester til bebuarar i eldrebustader	x	x		231 324		
Rullering av kommunal Næringsplan						
Kommunestyre:						
Lys på turstien		x	x	200 000		
Tilskudd til Føresvikvegen FS 17/16	x			4 000 000		
Stedsutvikling Føresvik (9022)	x			650 000	289000	
Budsjettkontroll:				Budsjett	Rekneskap	Forbruk i %
Utgifter				16 072 400	11 032 886	69 %
Inntekter				-885 900	-1 009 287	114 %
Reservert løyving disponibelt				599 000		

Rapport nr. 3 -Rammeområde 2-Tiltaks og budsjettkontroll 2017

Rammeområde: 2 Tiltak vedtatt i:	Gjennomført	Under arbeid	Ikkje starta			
				Budsjett	Rekneskap	Merknad
Budsjett:						
Uteområde skule		x		100 000		FAU fekk mandat for arbeidet, og påtatt seg jobben med prosjektet. Det er så langt ikkje kommen tilbakemelding på at arbeidet har starta.
Leirskule			x	70 000		Elevane har vore på leirskule. Midlene er nytta.
Fritidsleiar skule		x		20 000		Tiltaket med trivselsleiar er satt i gang.
Formannsskap:						
Kommunestyre:						
Budsjettkontroll:				Budsjett	Rekneskap	Forbruk i %
Utgifter				30 161 000	24 169 787	80 %
Inntekter				-4 407 000	-4 832 627	110 %

Rapport nr. 3-Rammeområde 3-Tiltaks og budsjettkontroll 2017

Rammeområde: 3 Tiltak vedtatt i:	Gjennomført	Under arbeid	Ikkje starta			
				Budsjett	Rekneskap	Merknad
Budsjett:						
Planlegging eldrebustader mm.	x			1 000 000	1 172 793	
Formannsskap:						
Kommunestyre:						
Omsorgsbustader/utbygging	x			39 050 000	356 617	Arbeidet går etter planen. Prosjektleiar rapporterer kvar 14.dag til kommunens arbeidsgruppe ved gruppeleiar Rune Vatnaland.
Budsjettkontroll:				Budsjett	Rekneskap	Forbruk i %
Utgifter				26 506 200	21 500 875	81 %
Inntekter				-4 268 000	-4 053 344	95 %

RAPPORT NR. 3 - TILTAKS - OG BUDSJETTKONTROLL 2017

Rammeområde: 6 - Teknisk	Gjennomført	Under arbeid	Ikkje starta	30.09.2017		
				Budsjett	Rekneskap	Merknad
Tiltak vedtatt i:						
Budsjett:						
Asfaltering (Hognaland. og Stølsveg)	X			250 000	224 041	
Stølsvegen	X			70 000	140 000	Ferdig. Overforbruk dekt frå asfalt og generelt vedlikehald
Pumpehus Hognaland			X	80 000		Utsett. Vurdert på nytt i budsjett for 2018
Vatn og avlaup - Sæbøsletta		X		100 000		I samband med Føresvikvegen. Arbeid i gang
Sjøledning Fyren			X	70 000		Utsett. Vurdert på nytt i budsjett for 2018
Prosjekt ny skule			X	500 000		Oppstart under vurdering
Formannsskap:						
Kommunestyre:						
2 regplaner, Knarholmen - Laupland		X		1 - 2 mill.	251 000	Under arbeid
Reg. plan gangveg Alvest. - Før.vik		X		185 000	373 000	Det blir arbeida med ny løysing
KS-037/12 og FS 040/13		X		16 000 000	9 959 000	Arbeidet i marka i gang. Stipulert totalkostnad 21 mill.
Vassverk Rogfast		X		500 000	247 000	Under arbeid
Kommuneplan ; KS-012/17		X				
Reguleringsplan Føresvk hamn - vestre del	X				80 000	Ferdiggjering på kommunal rekning. Eiga sak
Overvassledning ved Boknatun		X				Arbeid i gang. Eiga sak
Budsjettkontroll:				Budsjett	Rekneskap	Forbruk i %
Utgifter				12 941 320	9 554 932	72 %
Inntekter				-9 563 800	-5 044 679	53 %

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	07.11.2017	045/17

Saksansv. Jan Erik Nygaard	Arkiv K1 - 044	Arkivsaknr 16/536
-----------------------------------	-----------------------	--------------------------

Sakshandsaming av bygge- og delesaker - kjøp av tenester frå Karmøy kommune - delegering av mynde

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Med heimel i §28-1a i kommunelova, vedtar Bokn kommune å overlate handsaming av bygge- og delesaker, samt handsaming av saker etter jordlova til Karmøy kommune som vertskommune i samsvar med avtale dagsett 08.06.2017 om slikt samarbeid.
2. Med heimel i § 28-1b nr. 3 i kommunelova ber kommunestyret rådmannen om å delegere den fullmakt kommunestyret har gitt rådmannen etter fylgjande særlover og føresegner i pkt. 2 og 3 i det gjeldande delegasjonsreglementet, vidare til rådmannen i Karmøy kommune:
Lov om eigarseksjonar av 23. mai 1997 nr.31
Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 1975 nr 101 (matrikkellova)
Lov om jord av 12. mai 1995 nr 3
Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonslova) m.v. av 28. november 2003 nr. 98
Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50
Lov om planlegging og byggesakshandsaming av 27. juni 2008 nr.71
Lov om skogbruk av 27. mai 2005 nr. 31
Lov om vegar av 21. juni 1963 nr. 23 (veglova)
Forskrift om tekniske krav til byggverk av 26. mars 2010 nr. 489 (byggteknisk forskrift)

Kva saka gjeld:

Delegering av mynde frå rådmannen i Bokn kommune til rådmannen i Karmøy kommune knytt til handsaming av bygge-, dele- og plansaker.

Bakgrunn for saka:

Bokn kommune har gjort avtale med Karmøy kommune om at dei skal handsame bygge-, dele- og plansaker på vegne av Bokn kommune.

For saker som skal handsamast politisk, vil tenestene frå Karmøy innebere at dei førebur saka for handsaming i det politiske utvalet i Bokn, og elles tek seg av det administrative arbeidet med mottak av søknad, registrering og utsending m.v. av saksdokument knytt til saka. Dette krev ikkje overføring av mynde frå Bokn kommune til Karmøy kommune.

Når det derimot gjeld saker som skal avgjerast administrativt, er det naudsynt med overføring av den mynde rådmannen i Bokn har fått frå kommunestyret gjennom delegasjonsreglementet som vart vedteke 13.12.2016, sak 064/16, til rådmannen i Karmøy, for at ordninga skal kunne fungere optimalt.

Avtalen om at Karmøy kommune skal utføre handsaminga av bygge-, dele- og plansaker på vegne av Bokn kommune, er sett i verk frå 01. september 2017.

Inntil naudsynt mynde er overført frå rådmannen i Bokn til rådmannen i Karmøy, må alle fullmaktssaker godkjennast av rådmannen i Bokn. Dette er ei tungvindt og tidkrevjande løysing.

Saksutgreiing:

Heimelen til å overføre utførsle av lovpålagde oppgåver frå ein kommune til ein vertskommune, går fram av § 28-1a og 28 -1b i kommunelova:

§ 28-1 a. Vertskommunesamarbeid

1. En kommune kan overlate utførelsen av lovpålagte oppgaver, herunder delegere myndighet til å treffe vedtak som omtalt i forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav a (offentlig myndighetsutøvelse) til en vertskommune etter §§ 28-1 b og 28-1 c hvis den aktuelle lov ikke er til hinder for det.

2. Bestemmelsen i nr. 1 gjelder tilsvarende for fylkeskommuner.

0 Tilføyd ved lov 15 des 2006 nr. 91 (ikr. 1 jan 2007 iflg. res. 15 des 2006 nr. 1428), endret ved lover 25 mai 2012 nr. 28 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 25 mai 2012 nr. 449), endret paragrafnummer fra § 28 a, 24 mai 2013 nr. 20.

§ 28-1 b. Administrativt vertskommunesamarbeid

1. En kommune (samarbeidskommune) kan avtale med en annen kommune (vertskommune) at vertskommunen skal utføre oppgaver og treffe avgjørelser etter delegert myndighet fra samarbeidskommunen i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning.

2. Bestemmelsen i nr. 1 gjelder tilsvarende for vertskommunesamarbeid mellom fylkeskommuner.

3. Delegasjon av myndighet som nevnt i nr. 1 skjer ved at kommunestyret eller fylkestinget selv gir instruks til egen administrasjonssjef om delegasjon til administrasjonssjefen i vertskommunen.

4. Folkevalgte organer i vertskommunen har ikke instruksjons- eller omgjøringsmyndighet der delegasjon er skjedd i samsvar med nr. 3.

5. En samarbeidskommune kan gi vertskommunen instruks om utøvelsen av den delegerte myndighet i saker som alene gjelder samarbeidskommunen eller berørte innbyggere.

6. For vedtak vertskommunen treffer etter delegasjon fra en samarbeidskommune, har samarbeidskommunen samme omgjøringsmyndighet som etter forvaltningsloven § 35 første ledd.

Tilføyd ved lov 15 des 2006 nr. 91 (ikr. 1 jan 2007 iflg. res. 15 des 2006 nr. 1428), endret ved lov 25 mai 2012 nr. 28 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 25 mai 2012 nr. 449), endret paragrafnummer fra § 28 b.

Det gjeldande delegasjonsreglementet for Bokn kommune, vart vedteke av kommunestyret 13.12.2016 som sak 064/16.

Rådmannen fekk gjennom dette reglementet delegert mynde til å treffe vedtak i ei rekkje saker, mellom anna etter særlover knytt til handsaming av bygge-, dele og plansaker.

Det er denne del av den mynde kommunestyret har gitt til rådmannen i Bokn det er behov for å delegere vidare, jfr. § 28-1b, nr. 3.

Vurdering:

Den sakshandsaminga av bygge-, dele og plansaker som Karmøy skal gjere på fullmakt frå Bokn kommune, vil sjølvsagt skje etter det same generelle lovgrunnlag og regelverk som alle kommunar nyttar.

I tillegg må dei spesielle regelverket som Bokn kommune har vedteke i t.d. føresegner til kommuneplanen og dei einskilde reguleringsplanane fylgjast.

I tillegg kan Bokn om ynskjeleg gje instruks til vertskommunen om utøvinga av det delegerte myndet, jfr. § 28-1b nr.5 i kommunelova.

For vedtak som er gjort av vertskommunen etter det delegerte myndet, har Bokn også same mynde til å gjere om vedtaket som etter § 35 første ledd i forvaltningslova, jfr. § 28-1b nr.6 i kommunelova.

Det skulle derfor ikkje noko som talar mot ei overføring av mynde frå rådmannen i Bokn til Rådmannen i Karmøy slik rådmannen rår til i framlegg til vedtak.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	24.10.2017	042/17
Kommunestyret	07.11.2017	046/17

Saksansv. Jan Erik Nygaard	Arkiv K1 - 225	Arkivsaknr 17/572
----------------------------	----------------	-------------------

Søknad om tilleggsføring til maling av Bokn kyrkje.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bokn kommunestyre vedtek å løyve kr. 250.000,- til maling av Bokn kyrkje i 2018. Kostnadene vert dekkja gjennom bruk av disposisjonsfond.

Jan Erik Nygaard
Rådmann

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 24.10.2017 - 042/17

Bokn kommunestyre vedtek å løyve kr. 250.000,- til maling av Bokn kyrkje i 2018. I tillegg til maling vert det løyvt kr. 50.000,- til sti rundt kyrkja. Kostnadene vert dekkja gjennom bruk av disposisjonsfond. Vedtaket var samrøysta.

Formannskapet 24.10.2017:

Behandling:

Forslag frå Tormod Våga. I tillegg til maling vert det løyvt kr. 50.000,- til sti rundt kyrkja

FS- 042/17 Vedtak:

Bokn kommunestyre vedtek å løyve kr. 250.000,- til maling av Bokn kyrkje i 2018. I tillegg til maling vert det løyvt kr. 50.000,- til sti rundt kyrkja. Kostnadene vert dekkja gjennom bruk av disposisjonsfond. Vedtaket var samrøysta.

Kva saka gjeld:

Søknad frå Bokn sokneråd av 4. oktober om kr. 250.000,- til maling av Bokn kyrkje i 2018.

Bakgrunn for saka:

I fellesmøte mellom Bokn formannskap og soknerådet den 3. oktober vart dei framtidige vedlikehaldsoppgåvene på Bokn kyrkje drøfta.

Formannskapet blei orientert om at det var gjort eit overslag på kostnaden med maling av kyrkja på ca. kr. 250.000,-.

Saksutgreiing:

Etter signal frå kommunen etter fellesmøtet, har soknerådet sendt søknad om midlar til maling av kyrkja. Det er ikkje innhenta bindande prisar på kostnadene med arbeidet, men det er gitt eit overslag på ca. kr. 250.000,-.

Malingsarbeidet skal etter planen gjennomførast i 2018.

Vurdering:

Etter den informasjonen som blei gitt frå soknerådet i fellesmøtet med formannskapet den 3. oktober, legg ein til grunn at det er behov for maling av kyrkja i 2018.

Maling av kyrkja er ein kostnad som må dekkast over kommunen sitt driftsbudsjett – som eit tilskott til kyrkja.

Rådmannen vil rå til at soknerådet får bevilga kr. 250.000,- til maling av kyrkja i 2018. Kostnaden foreslås dekkja gjennom bruk av disposisjonsfond.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	24.10.2017	050/17
Kommunestyret	07.11.2017	047/17

Saksansv. Jan Erik Nygaard	Arkiv K1 - 082	Arkivsaknr 17/580
----------------------------	----------------	-------------------

Godtgjersle for folkevalde.

Tormod Våga; Forslag om at det vert nedsett ei gruppe for å vurdere godtgjersla for folkevalde.

Formannskapet 24.10.2017:

Behandling:

FS- 050/17 Vedtak:

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe med Ordførar + ein representant frå kvart parti. Rådmannen er sekretær for gruppa.

Vedtaket vart samrøysta vedtatt.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	07.11.2017	048/17

Saksansv. Kåre Bua	Arkiv K1 - 216, K3 - &58	Arkivsaknr 16/634
---------------------------	-------------------------------------	--------------------------

Forvaltningsrevisjonsrapport - Plan, byggesak og eiendom

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

- 1. Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Plan, byggesak og eigedom i Bokn kommune» og tek denne til orientering.*
- 2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
- 3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten og korleis den nye avtalen frå 01.09.17 med Karmøy kommune fungerer, innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Kva saka gjeld:

Forvaltningsrevisjon av Plan, byggesak og eigedom i Bokn kommune.

Bakgrunn for saka:

Sjå kontrollutvalet si behandling med vedlegg.

Saksutgreiing:

Vurdering:

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
24.10.2017	Særutskrift 11-17 Bokn
24.10.2017	11-17 Forvaltningsrevisjonsrapport - plan og bygg

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	18.10.17	11/17
Kommunestyret	07.11.17	/17

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «PLAN, BYGGESAK OG EIGEDOM – BOKN KOMMUNE»

Vedlegg: Rapport «Plan, byggesak og eigedom i Bokn kommune» – utarbeida av Deloitte AS oktober 2017

Bakgrunn:

Kontrollutvalet bad i møtet 16.11.16, sak 23/16 revisjonen leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon innan plan, byggesak og eigedom i Bokn kommune.

Føremålet med prosjektet er å undersøke organisering av tekniske tenester og sakshandsamingsrutinar knytta til plan- og byggesaksbehandling i Bokn kommune.

Utvalget vedtok i møtet 15.02.17, sak 3/17 følgjande:

Bokn kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Plan, byggesak og eigedom i Bokn kommune» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS med den endring:

- rapporten må vere klår til utgangen av august 2017.

Ramma vert sett til 76 timar.

Med bakgrunn i føremålet blei det formulert følgjande problemstillingar:

- 1. Er organiseringa av dei tekniske tenestene i Bokn tydeleg og avklart med omsyn til ansvar og roller?**
- 2. Er det etablert tilfredstillande rutinar for kvalitetssikring av plan- og byggesaksbehandling i Bokn kommune?**
- 3. I kva grad er det etablert system og rutinar for å sikre at Bokn kommune etterlever lovpålagte sakshandsamingsfristar i byggesaker og sentrale krav til sakshandsaming i forvaltningslova?**
 - a. I kva grad etterlever kommunen fristen på tolv veker i byggesaker?**
 - b. I kva grad etterlever kommunen fristen på tolv veker i dispensasjonssaker?**
 - c. I kva grad etterlever kommunen fristen på åtte veker for handsaming av klagesaker?**
 - d. I kva grad etterlever kommunen sentrale krav til sakshandsaming i forvaltningslova og eventuelle interne retningsliner.**

Deloitte har med dette som utgangspunkt gjennomført prosjektet. Rapport blei oversendt til sekretariatet 05.10.17. Deloitte varsla tidleg i august at dei ikkje kunne få rapport ferdig innan fastsett frist, då ein av dei aktuelle interjuobjekta hadde ferie i august. Sekretær og utvalsleiar blei då samd om å utsetje møtet i september til oktober, slik at rapport var klar til dette møtet.

Rapporten har vore på høyring til rådmannen, og høyringssvaret, dagsett 04.10.17, er tatt inn i rapporten som vedlegg 1.

Revisjonen har gjennomgått dokumentasjon knytt til prosjektet, har gjennomført stikkprøvekontroll og intervju to personar innan for tekniske tenester.

Saksutgreiing:

Rapporten inneheld innleiingsvis eit samandrag av hovudbodskapen i revisor sine funn. Her kjem også revisor sine vurderingar fram. Føremål, problemstillingar, metode og revisjonskriteria vert presentert i kapittel 1. Organisering av dei tekniske tenestene vert presentert i kapittel 2. Rutinar for kvalitetssikring av plan- og byggesakshandsaming vert presentert i kapittel 3, om fristar og krav til sakshandsaminga i kapittel 4. Konklusjon og tilrådingar kjem fram i kapittel 5.

I vedlegget elles følgjer oversyn over sentrale dokument og litteratur.

Revisjonen har kome med følgjande konklusjon og tilrådingar:

Det er revisjonen si vurdering at det på revisjonstidspunktet var ei tydelig administrativ organisering av dei tekniske tenestene i Bokn kommune med omsyn til ansvar og roller.

Revisjonen meiner samtidig at det bør avklarast nærare i kva tilfelle dispensasjonssaker er å sjå på som prinsipielle. Revisjonen vil peike på at det er viktig å sikre at roller og ansvar også er tydeleg når Karmøy kommune har tatt over arbeidet med å handsame plan- og byggesaker for Bokn kommune.

Kommunen har etablert fleire føremålstenlege tiltak som bidrar til å kvalitetssikre sakshandsaminga. Det er likevel revisjonen si vurdering at kommunen på revisjonstidspunktet burde ha utvikla enkle rutinar eller sjekklister for å sikre at relevante forhold alltid blir vurdert i alle byggesaker. Sjølv om saksomfanget innan området relativt sett er lite i ein kommune på Bokn sin storleik, meiner revisjonen at kommunen har ein storleik som gjer at rutinar og sjekklister kan vere viktige for å sikre kvaliteten i arbeidet.

Undersøkinga gir ingen indikasjonar på at Bokn kommune ikkje etterlever sentrale krav i forvaltningslova til sakshandsaminga av byggesaker, når det gjeld grunngjeving av vedtak og informasjon om klagerett mv. Etter revisjonen si vurdering må kommunen likevel sikre at alle vedtak blir fatta innanfor lovpålagte fristar.

Undersøkinga viser at kommunen ikkje alltid har lukkast med dette særleg i periodar når det er lang tid mellom politiske møte. Sjølv om ikkje-prinsipielle dispensasjonssaker no er delegert til administrasjonen, vil det å alltid ferdigstille ei sak innanfor fristen fortsatt kunne vere ei utfordring når det gjeld prinsipielle saker og klagesaker.

Revisjonen vil derfor tilrå at Bokn kommune sett i verk tiltak for å sikre at lovpålagte sakshandsamingsfristar alltid blir haldne.

Konklusjon:

Rapporten viser at det på revisjonstidspunktet var ei tydelig administrativ organisering av dei tekniske tenestene i Bokn kommune med omsyn til ansvar og roller.

Kommunen har etablert fleire føremålstenlege tiltak som bidrar til å kvalitetssikre sakshandsaminga, men burde ha utvikla enkle rutinar eller sjekklister for å sikre at relevante forhold alltid blir vurdert i alle byggesaker.

Undersøkinga viser også at ikkje alle vedtak blir fatta innanfor lovpålagte fristar og det gjeld særleg i periodar når det er lang tid mellom politiske møte.

Kontrollutvalet er etter kontrollutvalsforskrifta § 12 pålagt ein oppfølging av kommunestyret sitt vedtak. Det kan vere naturleg at rådmannen blir bede om å gje ei tilbakemelding på kva som er gjort og korleis den nye avtalen frå 01.09.17 med Karmøy kommune fungerer eit år etter vedtaket i kommunestyret.

Det er kommunestyret som fattar endeleg vedtak i saken. Forskrift om kontrollutval slår fast at kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker angående forvaltningsrevisjon.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Plan, byggesak og eigedom i Bokn kommune» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Aksdal, 11.10.17

Toril Hallsjø (sign.)
utvalssekretær

Deloitte.



Forvaltningsrevisjon | Bokn kommune
Plan, byggesak og eidegom

Oktober 2017

«Forvaltningsrevisjon av plan,
byggesak og eigedom»

Oktober 2017

Rapporten er utarbeidd for Bokn
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 51 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Samandrag

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av plan, byggesak og eigedom i Bokn kommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Bokn kommune i sak 3/17, 15.02.2017. Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøke organisering av tekniske tenester og sakshandsamingsrutinar knytt til plan- og byggesaksbehandling i Bokn kommune.

I gjennomføringa av forvaltningsrevisjonen er det nytta ulike metodar for datainnsamling. Revisjonen har gått igjennom dokumentasjon frå kommunen, KOSTRA-tal, intervju to personar som er involvert i arbeidsområdet tekniske tenester og gjennomført ein stikkprøvekontroll av fem vedtak i byggesaker.

Det er revisjonen si vurdering at det på revisjonstidspunktet var ei tydelig administrativ organisering av dei tekniske tenestene i Bokn kommune med omsyn til ansvar og roller. Revisjonen meiner samtidig at det bør avklarast nærare i kva tilfelle dispensasjonssaker er å sjå på som prinsipielle. Revisjonen vil peike på at det er viktig å sikre at roller og ansvar også er tydeleg når Karmøy kommune har tatt over arbeidet med å handsame plan- og byggesaker for Bokn kommune.

Kommunen har etablert fleire føremålstenlege tiltak som bidrar til å kvalitetssikre sakshandsaminga. Det er likevel revisjonen si vurdering at kommunen på revisjonstidspunktet burde ha utvikla enkle rutinar eller sjekklister for å sikre at relevante forhold alltid blir vurdert i alle byggesaker. Sjølv om saksomfanget innan området relativt sett er lite i ein kommune på Bokn sin storleik, meiner revisjonen at kommunen har ein storleik som gjer at rutinar og sjekklister kan vere viktige for å sikre kvaliteten i arbeidet.

Undersøkinga gir ingen indikasjonar på at Bokn kommune ikkje etterlever sentrale krav i forvaltningslova til sakshandsaminga av byggesaker, når det gjeld grunngjeving av vedtak og informasjon om klagerett mv. Etter revisjonen si vurdering må kommunen likevel sikre at alle vedtak blir fatta innanfor lovpålagte fristar. Undersøkinga viser at kommunen ikkje alltid har lukkast med dette særleg i periodar når det er lang tid mellom politiske møte. Sjølv om ikkje-prinsipielle dispensasjonssaker no er delegert til administrasjonen, vil det å alltid ferdigstille ei sak innanfor fristen fortsatt kunne vere ei utfordring når det gjeld prinsipielle saker og klagesaker.

Revisjonen vil derfor tilrå at Bokn kommune sett i verk tiltak for å sikre at lovpålagte sakshandsamingsfristar alltid blir haldne.

Innhald

Samandrag	3
1. Innleiing	6
2. Organisering av dei tekniske tenestene	8
3. Rutinar for kvalitetssikring av plan- og byggesaksbehandling	11
4. Fristar og krav til sakshandsaming	13
5. Konklusjon og tilrådingar	17
Vedlegg 1: Høyringsuttale	18
Vedlegg 2: Revisjonskriterium	19
Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur	22

Detaljert innhaldsliste

Samandrag	3
1. Innleiing	6
1.1 Bakgrunn	6
1.2 Føremål og problemstillingar	6
1.3 Avgrensingar	6
1.4 Metode	6
1.5 Revisjonskriterium	7
2. Organisering av dei tekniske tenestene	8
2.1 Problemstilling	8
2.2 Revisjonskriterium	8
2.3 Datagrunnlag	8
2.4 Vurdering	10
3. Rutinar for kvalitetssikring av plan- og byggesaksbehandling	11
3.1 Problemstilling	11
3.2 Revisjonskriterium	11
3.3 Datagrunnlag	11
3.4 Vurdering	11
4. Fristar og krav til sakshandsaming	13
4.1 Problemstilling	13
4.2 Revisjonskriterium	13
4.3 Etterleving av fristen på tolv veker i byggesaker	13
4.4 Etterleving av fristen på tolv veker i dispensasjonssaker	14
4.5 Etterleving av fristen på åtte veker for handsaming av klagesaker	15
4.6 Etterleving av sentrale krav til sakshandsaminga i forvaltningslova og eventuelle interne retningsliner	16
5. Konklusjon og tilrådingar	17
Vedlegg 1: Høyringsuttale	18
Vedlegg 2: Revisjonskriterium	19
Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur	22

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av plan, byggesak og eigedom i Bokn kommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Bokn kommune i sak 3/17, 15.02.2017.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøke organisering av tekniske tenester og sakshandsamingsrutinar knytt til plan- og byggesaksbehandling i Bokn kommune.

Med bakgrunn i føremålet blei det utarbeidd følgjande problemstillingar som er blitt undersøkt:

1. Er organiseringa av dei tekniske tenestene i Bokn tydeleg og avklart med omsyn til ansvar og roller?
2. Er det etablert tilfredsstillande rutinar for kvalitetssikring av plan- og byggesaksbehandling i Bokn kommune?
3. I kva grad er det etablert system og rutinar for å sikre at Bokn kommune etterlever lovpålagte sakshandsamingsfristar i byggesaker og sentrale krav til sakshandsaming i forvaltningslova?
 - a) I kva grad etterlever kommunen fristen på tolv veker i byggesaker?
 - b) I kva grad etterlever kommunen fristen på tolv veker i dispensasjonssaker?
 - c) I kva grad etterlever kommunen fristen på åtte veker for handsaming av klagesaker?
 - d) I kva grad etterlever kommunen sentrale krav til sakshandsaming i forvaltningslova og eventuelle interne retningsliner?

1.3 Avgrensingar

Frå 1. september 2017 handsamar Karmøy kommune alle nye plan- og byggesaker i Bokn kommune. Denne rapporten omhandlar dette saksområdet i perioden før Karmøy kommune tok over desse oppgåvene for kommunen.

1.4 Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Oppdraget er gjennomført i tidsrommet mars til august 2017.

1.4.1 Dokumentanalyse

Revisjonen har gått i gjennom og nytta rettsreglar. Vidare har revisjonen samla inn og analysert informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. Innsamla dokumentasjon har blitt vurdert i forhold til revisjonskriteria.

1.4.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til dei skriftlege kjeldane, har Deloitte intervjuat utvalte persona frå Bokn kommune som er involvert i arbeidsområdet tekniske tenester. Vi har intervjuat to personar.

1.4.3 Stikkprøvekontroll

Revisjonen har gjennomført ein stikkprøvekontroll av vedtak i byggesaker. Vi har gjennomført fem stikkprøver av vedtak for å sjå nærare på etterleving av fristar og sentrale krav i plan og bygningslov, her

avgrensa til grunngjeving av vedtak, samt informasjon om klagerett, klagefrist, klageorgan og den nærare framgangsmåten ved klage.

1.4.4 Statistisk analyse

Revisjonen har nytta statistikk frå kommunen og KOSTRA for å belyse problemstillingane knytt til etterleving av fristar.

1.4.5 Verifiseringsprosessar

Oppsummering av intervju er sendt til dei som er intervjuja for verifisering og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten.

Rapporten er sendt til rådmannen for høyring og verifisering. Rådmannen sin høyringsuttale går fram av vedlegg 1. til rapporten

1.5 Revisjonskriterium

Revisjonskriteria er dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal bli vurdert opp mot. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon. I dette prosjektet er revisjonskriteria i hovudsak henta frå plan- og bygningslova med forskrifter. Kriteria er nærare presentert innleiingsvis under kvart tema, og i vedlegg 2 til rapporten.

2. Organisering av dei tekniske tenestene

2.1 Problemstilling

I dette kapittelet svarer vi på følgjande problemstilling:

Er organiseringa av dei tekniske tenestene i Bokn tydeleg og avklart med omsyn til ansvar og roller?

2.2 Revisjonskriterium

§ 23 i kommunelova omtalar administrasjonssjefen sine oppgåver og mynde. Her står det at administrasjonssjefen er den øvste leiaren for den samla kommunale administrasjonen, med dei unntak som følgjer av lov, og innanfor dei rammer kommunestyret fastset. Vidare står det at administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen blir driven i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar og at den blir gjenstand for betryggande kontroll.

Sjå vedlegg 2 for nærare omtale av revisjonskriteria.


2.3 Datagrunnlag

2.3.1 Arbeidsdeling

Revisjonen har mottatt eit organisasjonskart frå Bokn kommune. Eit utdrag frå organisasjonskartet går fram i figur 1 under. Revisjonen får opplyst at teknisk sektor har ansvaret for plan- og byggesakshandsaminga, drift og vedlikehald av kommunen si bygningsmasse, kommunale vegar, samt vann- og avløpsanlegga i kommunen. Sektoren har ein teknisk sjef, ein overingeniør, og to vaktmeistrar. I tillegg har sektoren leigd inn ein sivilingeniør som er den som har ansvar for sakshandsaminga knytt til plan- og byggesaker.¹

¹ Revisjonen har ikkje gått nærare inn i kva kontrakt kommunen har med den innleigde konsulenten og korleis denne kontrakten har blitt følgd opp.

Figur 1: Organisasjonskart for Bokn kommune



I intervju blir det opplyst at kommunen tidlegare har hatt egne tilsette for å handsame plan- og byggesaker. Kommunen har dei siste åra valt å leie inn konsulent to dagar per veke for å handsame saker fordi det har vore vanskeleg å tilsette folk med riktig kompetanse. Den innleigde konsulenten har vore knytt til kommunen i meir enn sju år.

Av møte med teknisk sjef og innleigd konsulent i samband med intervju og stikkprøver, går det fram at det er ei arbeidsdeling mellom desse to, samt rådmann, i handsaminga av plan og byggesaker. Alle plan- og byggesaker blir handsama av innleigd konsulent. Utkast til saksframlegg blir kvalitetssikra og godkjent av teknisk sjef som er den som signerer vedtaksbrev. Dersom det er kompliserte saker blir rådmannen involvert i drøftinga av sakene og gjev innspel for endeleg sak.

I saker som skal handsamast politisk går det fram av saksframstillingane at teknisk sjef er saksansvarleg, medan innleigd konsulent sine initialar er oppført i feltet for sakshandsamar. Politiske saker har overskrifta «Rådmannen sitt framlegg til vedtak».

2.3.2 Handsaming av dispensasjonssaker

I delegeringsreglement² for Bokn kommune går det fram kva mynde og oppgåver etter plan- og bygningslova kommunestyret delegerer mellom anna til rådmannen. Når det gjeld mynde til rådmannen til å handsame dispensasjonssaker, står det følgjande i delegasjonsreglementet:

Kommunestyret delegerer til rådmannen mynde etter lovens kap. 19 (Dispensasjon). Vedtak etter kap. 19 skal i ettertid bli referert til forvaltningsstyret.

I intervju blir det opplyst at praksis etter nytt delegasjonsreglement er at dispensasjonssaker blir handsama administrativt om dei ikkje er prinsipielle. Prinsipielle saker blir handsama politisk. Det ligg ikkje føre retningslinjer eller dokument som opplyser i kva tilfelle administrasjonen skal vurdere dispensasjonssaker som prinsipielle eller ikkje, til dømes om det er reglar i eldre reguleringsplanar som administrasjonen kan sjå bort frå i bestemte tilfelle.

² Revidert etter kommunestyret sitt vedtak av 13.12.2016

2.4 Vurdering

Det er revisjonen si vurdering at det på revisjonstidspunktet var ei tydelig organisering av dei tekniske tenestene i Bokn kommune med omsyn til ansvar og roller ved at det alltid er teknisk sjef som kvalitetssikrar og signerer delegerte vedtak. Kommunen har også ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling i utarbeiding av politiske saker. Revisjonen vil samtidig peike på at det er viktig å sikre at roller og ansvar også er tydeleg når Karmøy kommune har tatt over arbeidet med å handsame plan- og byggesaker for Bokn kommune.

Når det gjeld dispensasjonssaker har kommunestyret delegert mynde til rådmann. Revisjonen vil i den samanheng peike på at dispensasjonsvedtak er unntak frå lov og plan. Lover og politisk vedtatte planar skal gje føringar på kva tiltak som kan tillatast og ikkje. At administrative dispensasjonsvedtak etter delegeringsreglementet skal bli referert til forvaltningsstyret gjer det mogleg for politikarane å følgje med på kva dispensasjonar administrasjonen oppfattar som ikkje prinsipielle og derfor tek avgjerd i sjølve. Revisjonen meiner samtidig det er viktig at administrasjonen etablerer tydelege retningsliner for i kva tilfelle dei meiner det er naturleg at administrasjonen sjølv fattar vedtak i dispensasjonssaker og informerer politikarane om retningslinene slik at dei om ønskjeleg kan gje ytterlegare føringar til administrasjonen omkring dette.

3. Rutinar for kvalitetssikring av plan- og byggesaksbehandling

3.1 Problemstilling

I dette kapittelet svarer vi på følgjande problemstilling:

Er det etablert tilfredstillande rutinar for kvalitetssikring av plan- og byggesaksbehandling i Bokn kommune?

3.2 Revisjonskriterium

Også i dette kapitelet er rådmannen sine oppgåver og mynde slik det går fram av § 23 i kommunelova revisjonskriterium. Her står det at administrasjonssjefen er den øvste leiaren for den samla kommunale administrasjonen, med dei unntak som følgjer av lov, og innanfor dei rammer kommunestyret fastset. Vidare står det at administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen blir driven i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar og at den blir gjenstand for betryggande kontroll.

Sjå vedlegg 2 for nærare omtale av revisjonskriteria.

3.3 Datagrunnlag

3.3.1 Retningslinjer og rutinar

Revisjonen har fått opplyst at kommunen i 2015 og 2016 handsama mellom 70 og 80 byggesaker årleg med frist på 12 veker. Dette inkluderer dispensasjonssaker som utgjorde høvesvis 15 (2015) og 14 (2016) saker. I tilsendt dokumentasjon frå kommunen har revisjonen fått opplyst at dei generelle retningslinjene i plan- og bygningslova og SAK10 (Forskrift om byggesak) er lagt til grunn for sakshandsaminga av plan- og byggesaker. Vidare opplyser kommunen at det er retningslinjer for handsaming av ulike type saker i kommuneplanen sin arealdel, og i einskilde reguleringsplanar, men at det utover desse ikkje er fleire skriftlege retningslinjer eller rutinar som blir nytta i sakshandsaminga.

3.3.2 Malar og sjekklister

Revisjonen har fått opplyst at sakshandsamingssystemet inneheld enkle malar for politiske saker og saker som kan handsamast på delegert fullmakt. Det går vidare fram at både for plansaker og for delegerte saker blir liknande tidlegare saker nytta som mal for oppbygging av nye dokument. Kommunen har ikkje utarbeidd eigne sjekklister men opplyser at føresegnene til kommuneplanen sin arealdel og dei ulike reguleringsplanane inneheld sjekkpunkt som er styrande for sakshandsaminga.

3.3.3 Kvalitetssikring

Når det gjeld kvalitetssikring får revisjonen opplyst at alle plan- og byggesaker blir kvalitetssikra og godkjent av teknisk sjef etter at det ligg føre eit ferdig utkast til saksframstilling frå innleigd konsulent. Rådmann, teknisk sjef og sakshandsamar har elles jamlege møte fleire gonger i veka, der dei går gjennom og drøftar innkomne saker, samt drøftar spesielle saker og prinsipielle spørsmål knytt til forståing av ulike lovkrav og føresegner.

3.4 Vurdering

Å ta utgangspunkt i liknande saker i sakshandsaminga kan etter revisjonen si vurdering bidra til å sikre lik handsaming av liknande saker. Vidare er hyppige møte fleire gongar i veka der saker blir drøfta med på å sikre lik forståing av saker og kvalitetssikring av sakshandsaminga undervegs.

Det er likevel revisjonen si vurdering at kommunen på revisjonstidspunktet burde ha utvikla enkle rutinar eller sjekklister for å sikre at relevante forhold alltid blir vurdert i alle byggesaker. Rutinar og sjekklister er etter revisjonen si vurdering viktige verktøy for å sikre kvalitet i sakshandsaminga. Sjølv om saksomfanget

innan området relativt sett er lite i ein kommune på Bokn sin storleik, meiner revisjonen at kommunen har ein storleik som gjer at rutinar og sjekklister kan vere viktige for å sikre kvaliteten i arbeidet.

4. Fristar og krav til sakshandsaming

4.1 Problemstilling

I dette kapittelet svarer vi på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

I kva grad er det etablert system og rutinar for å sikre at Bokn kommune etterlever lovpålagte sakshandsamingsfristar i byggesaker og sentrale krav til sakshandsaming i forvaltningslova?

- I kva grad etterlever kommunen fristen på tolv veker i byggesaker?
- I kva grad etterlever kommunen fristen på tolv veker i dispensasjonssaker?
- I kva grad etterlever kommunen fristen på åtte veker for handsaming av klagesaker?
- I kva grad etterlever kommunen sentrale krav til sakshandsaming i forvaltningslova og eventuelle interne retningslinjer?

4.2 Revisjonskriterium

Byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova skal sikre at tiltak blir utført i samsvar med lov, forskrift og plan. Tidsfristar knytt til handsaming av søknader etter byggesaksdelen i plan- og bygningslova er omtala i § 21-7 i plan- og bygningslova. Her går det fram kva tiltak som har sakshandsamingsfrist på 12 veker, inkludert dispensasjonssaker. Av byggesaksforskrifta § 7-1 går det fram at kommunen sin frist for å handsame klager er åtte veker.

Forvaltningslova gjeld også for byggesaker og stiller ei rekke krav til sakshandsaming i kommunen. Mellom anna skal kommunen grunngje vedtak (fvl. §§ 24 og 25) og gje skriftleg melding om vedtak og opplysningar om klagetilgang m.v. (fvl. §§ 23 og 27).

4.3 Etterleving av fristen på tolv veker i byggesaker

4.3.1 Datagrunnlag

Revisjonen har henta inn statistikk frå KOSTRA databasen som viser gjennomsnittleg sakshandsamingstid for byggesaker med frist på 12 veker i Bokn, Rogaland og Landet utan Oslo.³ Tala går fram av figuren under:

Tabell 1 Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for byggesaker med frist på 12 veker (Kjelde: KOSTRA)

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for byggesaker med frist på 12 veker	Bokn		Rogaland		Landet utan Oslo	
	2015	2016	2015	2016	2015	2016
År	2015	2016	2015	2016	2015	2016
Tal dagar	52	50	39	42	39	38

Bokn kommune hadde i følge KOSTRA-tala ei noko lengre gjennomsnittleg sakshandsamingstid enn Rogaland og landet utan Oslo.

Av KOSTRA-tala for 2015 og 2016 går det vidare fram at Bokn kommune ikkje har overskride sakshandsamingsfristen for søknader med frist på 12 veker.

³ Tal for kommunegruppa låg ikkje føre.

Kommunen har sendt over dokument der dei gjer greie for sakshandsamingstid. Kommunen sine opplyste tal for sakshandsamingstid i byggesaker i 2015 og 2016 med 12 vekers handsamingsfrist går fram av tabellen under

Tabell 2 Sakshandsamingstid for saker med sakshandsamingsfrist på 12 veker, 2015 og 2016 (Kjelde: Bokn kommune)

Sakshandsamingstid	Tal saker 2015	Tal saker 2016
Innan 12 veker	56	63
Meir enn 12 veker	2	0
Totalt	58	63

Av totalt 58 byggesaker i 2015 med 12 vekers frist, blei 56 handsama innan 12 veker. Kommunen opplyser elles at om lag ein tredjedel av dei 58 sakane med frist på 12 veker, 21 byggesaker, ble handsama innan ei veke.

Når det gjeld overskriding av sakshandsamingsfrist i 2015 opplyser kommunen at det for den eine saka skuldast at handsaming av delingssaka måtte avvete landbruksfagleg uttale før handsaminga etter jordlova. Handsaming etter plan- og bygningslova blei gjort same dag som det låg føre løyve etter jordlova. Den andre saka måtte handsamast politisk, og avstand mellom møta blir opplyst å vere avgjerande for at fristen på 12 veker ikkje blei halde.

Alle 63 byggesakene med 12 vekers frist i 2016 ble handsama innan 10 veker. Kommunen opplyser at meir enn halvparten av dei 63 byggesakene, 35 saker, blei handsama innan ein veke.

4.3.2 Vurdering

Det er revisjonen si vurdering at kommunen i all hovudsak klarer å etterleve sakshandsamingsfristen på tolv veker i byggesaker, men at mellom anna lang avstand mellom politiske møte kan gjere at fristar ikkje blir halde. Kommunen må sikre at lovpålagte fristar alltid blir halde. Det er vidare revisjonen si vurdering at kommunen må sikre rett rapportering til KOSTRA sidan det ikkje er samsvar mellom tala som er rapportert til KOSTRA og dei som er opplyst til revisjonen når det gjeld saker der lovpålagt frist ikkje er halde.

Data frå KOSTRA blir brukt både av kommunane sjølv for å samanlikne seg med andre enkeltkommunar og gjennomsnittet i kommunegruppa, og som styringsinformasjon på nasjonalt nivå. Det er derfor viktig at Bokn kommune etablerer rutinar som sikrar korrekt rapportering til KOSTRA (jf. kommunelova § 49 og forskrift om rapportering frå kommunar og fylkeskommunar § 8).

4.4 Etterleving av fristen på tolv veker i dispensasjonssaker

4.4.1 Datagrunnlag

Generelt blir det kommentert frå kommunen at dispensasjonssaker er meir arbeidskrevjande for kommunen enn andre saker og at dei i 2015 og 2016 utgjorde om lag 21% av alle bygge-/delingssaker. Vidare blir det opplyst at størsteparten av dispensasjonssakene har vore sendt til fylkesmannen og fylkeskommunen til førehanduttale, og at dette inneber at fire veker og postgang må trekkjast frå den registrerte sakshandsamingstida.

Tabellen under viser kommunen si opplyste sakshandsamingstid i dispensasjonssaker i 2015⁴ og 2016.

⁴ Før 1.7.2015 var det ikkje sakshandsamingsfrist knytt til dispensasjonssaker. Kommunen har ikkje opplyst om sakene der kommunen har nytta meir enn 12 veker på sakshandsaminga er sakshandsama etter nytt eller gammalt regelverk.

Tabell 3: Sakshandsamingstid i dispensasjonssaker 2015 og 2016 (Kjelde: Bokn kommune)

Sakshandsamingstid	Tal saker 2015	Tal saker 2016
Innan 12 veker	10	14
Meir enn 12 veker	5	3
Totalt	15	17

Som det går fram av tabellen over hadde kommunen totalt 15 dispensasjonssaker i 2015 og fem av desse sakene hadde sakshandsamingstid på meir enn 12 veker. I 2016 var det tre dispensasjonssaker som blei handsama etter fristen på 12 veker, av totalt 17 saker.

Kommunen har følgjande forklaring på kvifor sakene hadde lengre enn 12 veker sakshandsamingstid:

- Saker har måtte vente i inntil tre månader grunna sommarferie for planutvalet (fire saker i 2015 og ei sak i 2016. I ei av desse saken frå 2015 måtte kommunen også avvente landbruksfagleg uttale før handsaming etter jordlova).
- Saker måtte avvente uttale frå fylkeskommunen og fylkesmannen (ei sak i 2015 og to saker i 2016. I ei av desse sakene blir årsaka også opplyst å vere dialog med tiltakshavar.)

4.4.2 Vurdering

Det er revisjonen si vurdering at i den grad sakshandsamingstid ut over tolv veker er knytt til fire vekers høyring hos statlege eller regionale mynde, inneberer dette ikkje overskriding av lovpålagt frist på 12 veker sakshandsamingstid, jf. § 19-1 i plan- og bygningslova det det går fram at fristen ikkje løper i denne tida.

At kommunen sidan desember 2016 fattar delegerte vedtak i dispensasjonssaker som ikkje er prinsipielle, kan etter revisjonen si vurdering bidra til å sikre at sakshandsamingsfristen på tolv veker også blir halde om sommaren. Revisjonen vil presisere viktigeita av at kommunen sikrar at alle dispensasjonsvedtak blir fatta innan plan- og bygningslova sin frist på 12 veker.

4.5 Etterleving av fristen på åtte veker for handsaming av klagesaker

4.5.1 Datagrunnlag

Revisjonen har fått opplyst at kommunen opplever å ha få klagesaker knytt til byggesakshandsaminga. Det blir opplyst at dette skuldast at kommunen prøver å ha dialog med tiltakshavar undervegs for å gi innspel til korleis tiltak kan justerast for å bli godkjente. Alle klagesaker blir handsama politisk av Forvaltningsstyret i kommunen. Møtetettleiken, med unnatak av i sommarferien, blir opplyst å vere slik at fristane blir haldne.

Revisjonen har mottatt informasjon om sakshandsamingstid i klagesaker med sakshandsamingsfrist på åtte veker for åra 2015 og 2016. Tal for 2015 og 2016 går fram av tabellen under.⁵

Tabell 4: Klagesaker i 2015 og 2016 med handsamingsfrist på 8 veker (Kjelde: Bokn kommune)

Sakshandsamingstid	Tal saker 2015	Tal saker 2016
Innan 8 veker	1	1
Meir enn 8 veker	2	1
Totalt	3	2

⁵ Revisjonen har fått opplyst at det per 20. juni 2017 har blitt handsama ei klagesak i kommunen inneverande år.

Av totalt tre klagesaker i 2015, var det to som gjekk over fristen på åtte veker. Frå kommunen blir det forklart at for den eine av desse sakene var årsaka at det var dialog med tiltakshavar om mogeleg omarbeiding med tanke på å etterkome ein klage frå fylkesmannen. For den andre saka med overskride frist blir det opplyst at overskridinga skuldast at kommunen måtte vente på tilsvar frå tiltakshavar etter naboklage.

I 2016 var det totalt to klagesaker, ei som var handsama innan fristen og ei som ikkje var det. Årsaka til den eine saka som overgjeikk fristen er ikkje opplyst, men det går fram at saka hadde ei sakshandsamingstid på ni veker.

4.5.2 Vurdering

Undersøkinga viser at kommunen har hatt få klagesaker til handsaming dei siste åra. Opplysningane frå kommunen viser at sakshandsaminga har tatt lenger tid enn lovpålagt frist på åtte veker i fleire tilfelle der dette kan ha vore i tiltakshavar si interesse for å få gjennomført eit tiltak. Revisjonen vil samtidig peike på at kommunen har ansvar for å sikre at den lovpålagte sakshandsamingsfristen på åtte veker blir halden.

4.6 Etterleving av sentrale krav til sakshandsaminga i forvaltningslova og eventuelle interne retningslinjer

4.6.1 Datagrunnlag

Revisjonen har gjennomført ein stikkprøvekontroll av fem vedtak, blant desse var tre dispensasjonssaker.

To administrative vedtaksbrev som inngjekk i stikkprøvekontrollen var grunngeve med referanse til aktuell heimel i regelverket. Vidare gjekk det fram av saksutgreiingane kva faktiske forhold som vedtaket bygger på og kva hovudomsyn som har vore avgjerande for vedtaket.

I stikkprøvekontrollen inngjekk også tre vedtak som blei handsama politisk. Her blei søkjar orientert om vedtak i eige brev der dei politiske saksdokumenta blir lagt ved brevet. I dei politiske saksutgreiingane med forslag til vedtak, blir administrasjonen sine vurderingar grunngeve med referanse til aktuell heimel i regelverket. Vidare går det fram av saksutgreiingane kva faktiske forhold som vedtaket bygger på og kva hovudomsyn som har vore avgjerande for vedtaket. I dei tre sakene revisjonen så nærmare på valte politiskarane å vedta rådmannen si innstilling. Det var derfor ikkje nødvendig å utarbeide ny grunngeving for vedtaka utover det som allereie låg i dei politiske sakspapira i samband med orienteringa om vedtaket

Gjennomgang av sakene viste at kommunen i samband med orientering om kommunen sine vedtak, legg ved eit ferdig skjema med orientering om at det er mogleg å klage, kven som er klageinstans og klagefrist. For ei av sakene kunne ikkje kommunen dokumentere at slikt skjema følgte orienteringa om vedtak til tiltakshavar. Dette gjaldt eit brev der kommunen innvilga rammeløyve.

4.6.2 Vurdering

Basert på den informasjonen som kjem fram i undersøkinga, er det revisjonen si vurdering at Bokn kommune i all hovudsak etterlev sentrale krav i forvaltningslova til sakshandsaminga av byggesaker, når det gjeld grunngeving av vedtak og informasjon om klagerett mv.. Det er usikkerheit knytt til om det i den eine saka er orientert om klagerett, klageorgan og klagefrist, og revisjonen vil presisere viktigeita av at slik informasjon alltid går fram av enkeltvedtak.

5. Konklusjon og tilrådingar

Det er revisjonen si vurdering at det på revisjonstidspunktet var ei tydelig administrativ organisering av dei tekniske tenestene i Bokn kommune med omsyn til ansvar og roller. Revisjonen meiner samtidig at det bør avklarast nærare i kva tilfelle dispensasjonssaker er å sjå på som prinsipielle. Revisjonen vil peike på at det er viktig å sikre at roller og ansvar også er tydeleg når Karmøy kommune har tatt over arbeidet med å handsame plan- og byggesaker for Bokn kommune.

Kommunen har etablert fleire føremålstenlege tiltak som bidrar til å kvalitetssikre sakshandsaminga. Det er likevel revisjonen si vurdering at kommunen på revisjonstidspunktet burde ha utvikla enkle rutinar eller sjekklister for å sikre at relevante forhold alltid blir vurdert i alle byggesaker. Sjølv om saksomfanget innan området relativt sett er lite i ein kommune på Bokn sin storleik, meiner revisjonen at kommunen har ein storleik som gjer at rutinar og sjekklister kan vere viktige for å sikre kvaliteten i arbeidet.

Undersøkinga gir ingen indikasjonar på at Bokn kommune ikkje etterlever sentrale krav i forvaltningslova til sakshandsaminga av byggesaker, når det gjeld grunngjeving av vedtak og informasjon om klagerett mv. Etter revisjonen si vurdering må kommunen likevel sikre at alle vedtak blir fatta innanfor lovpålagte fristar. Undersøkinga viser at kommunen ikkje alltid har lukkast med dette særleg i periodar når det er lang tid mellom politiske møte. Sjølv om ikkje-prinsipielle dispensasjonssaker no er delegert til administrasjonen, vil det å alltid ferdigstille ei sak innanfor fristen fortsatt kunne vere ei utfordring når det gjeld prinsipielle saker og klagesaker.

Revisjonen vil derfor tilrå at Bokn kommune sett i verk tiltak for å sikre at lovpålagte sakshandsamingsfristar alltid blir haldne.

Vedlegg 1: Høyringsuttale



BOKN KOMMUNE

Teknisk

Deloitte AS
Damsgårdvegen 135
5160 Bergen

Vår ref.:

16/634-7/K1 - 216, K3 - 858/BJL

Dykkar ref.:

Dato:

04.10.2017

Forvaltningsrevisjon - plan, byggesak og eigedom

Det vert vist til Dykkar e-post dagsett 28-09.2017 med høyringsutkast til forvaltningsrevisjonsrapport av plan, byggesak og eigedom.

Administrasjonen har gått gjennom rapporten, og har ikkje funne fell i dei opplysningane som kjem fram i rapporten sine datadelar.

Når det gjeld vurderingane og forslag til tiltak, vil rådmannen peke på at Bokn kommune har gjort avtale med Karmøy kommune om at dei frå 01. september 2017 skal utføre handsaming av bygge-, dele og plansaker på vegne av Bokn kommune.

Karmøy kommune har system for registrering av sakshandsamingstid, noko som sikrar rett innrapportering til KOSTRA av data knytt til dette.

Karmøy kommune nyttar også sjekklister for å sikre kvaliteten i arbeidet knytt til handsaming av bygge-, dele- og plansaker.

Når det gjeld handsaming av dispensasjonssaker, har administrasjonen gjennom det nye delegasjonsreglementet fått fullmakt til å handsama slike saker, noko som vil redusere handsamingstida for desse.

Klagesaker skal framleis handsamast politisk, slik at handsamingstida av slike saker også i framtida i eit visst mon vil vera avhengig av møtefrekvensen for det politiske utvalet.

Administrasjonen vil i framtida vera særleg merksam på dette, mellom anna ved å ta opp sak om sommarfullmakt til å handsame slike saker, evt. kalle inn til ekstraordinært møte i utvalet dersom dette er naudsynt for å halde fristen som er sett i plan- og bygningslova.

Når det gjeld kommentaren knytt til manglande skjema om klagerett ved oversending av vedtak til tiltakshavar, sender Bokn kommune generelt ikkje ut orientering om klagerett til tiltakshavar som har fått godkjent det vedkommende har søkt om.

Etter administrasjonen sitt syn, vil orientering om klagerett i slike tilfelle ikkje vera naudsynt, og kan dessutan virke forvirrande for tiltakshavar.

Med helsing

Jan Erik Nygaard
Rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Postadr.:
5561 Bokn

Telefon:

E post:
bjelov@bokn.kommune.no

Bankgiro:
3373.07.00305

Org. nr:
964979723

Vedlegg 2: Revisjonskriterium

Krav i lov og forskrift

Krav til internkontroll

§ 23 i kommunelova omtaler administrasjonssjefen sine oppgaver og mynde. Her står det at administrasjonssjefen er den øvste leiaren for den samla kommunale administrasjonen, med dei unntak som følgjer av lov, og innafor dei rammer kommunestyret fastset. I § 23 i kommunelova står også følgjande:

«Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll».

I Ot.prp.nr.70 (2002-2003) står følgjande kommentar til kravet om betryggande kontroll i kommunelova § 23:

«Selv om administrasjonssjefen etter kommuneloven i dag ikke eksplisitt er pålagt å etablere internkontroll, må ansvaret for slik kontroll regnes som en nødvendig del av administrasjonssjefens ledelsesansvar. Det er i tråd med allment aksepterte ledelsesprinsipper at en leder av en virksomhet etablerer rutiner og systemer som blant annet skal bidra til å sikre at organisasjonen når de mål som er satt, og at formuesforvaltningen er ordnet på forsvarlig måte.»

I Ot.prp.nr.70 (2002-2003) blir det vidare vist til at internkontroll først og fremst er eit leiingsverktøy, og

«(...) er en integrert del av ledelsens styring av organisasjonen. Internkontroll defineres i videste forstand som en prosess, iverksatt og gjennomført av virksomhetens ledere og ansatte, med formål å sikre måloppnåelse på følgjende områder:

- Målrettet og effektiv drift
- Pålitelig ekstern rapportering
- Overholdelse av gjeldende lover og regelverk.»

Byggesaksbehandling

Byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova skal sikre at tiltak blir utført i samsvar med lov, forskrift og plan. Av byggesaksforskrifta § 1-1 går det fram at føremålet til forskrifta mellom anna er å sikre

« (...) effektiv og forsvarlig sakshandsaming av byggesaker for å ivareta samfunnsmessige hensyn, herunder god kvalitet i byggverk.»

I § 21-4 i plan- og bygningsloven står det følgjande om handsaming av søknader om byggesaker i kommunen:

«Når søknaden er fullstendig, skal kommunen snarest mulig og senest innen den frist som framgår av § 21-7, gi tillatelse dersom tiltaket ikke er i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av deneloven.»

Tidsfristar knytt til handsaming av søknader etter byggesaksdelen i plan- og bygningslova er omtala i § 21-7:

«Søknad om tillatelse etter § 20-2 skal avgjøres av kommunene innen 12 uker etter at fullstendig søknad foreligger, med mindre annet følger av andre eller tredje ledd. Ved overskridelse av fristen

skal kommunen tilbakebetale byggesaksgebyret etter nærmere bestemmelser i forskrift, jf. § 21-8 tredje ledd.

(...) Søknad om tillatelse til tiltak etter § 20-2 som krever dispensasjon fra plan eller planbestemmelser, skal avgjøres av kommunen innen 12 uker. Fristen løper ikke i den tiden søknaden ligger til uttalelse hos regionale og statlige myndigheter, jf. § 19-1.»

Klagesaksbehandling

Byggesaksforskrifta § 7-1 omhandlar frist for handsaming av klage:

«d) Klage skal forberedes av kommunen og oversendes til klageinstansen så snart saken er tilrettelagt, og senest innen 8 uker. Samme frist gjelder der kommunen tar klagen helt til følge og fatter et nytt vedtak. Fristen gjelder for klage i alle byggesaker, herunder klage i byggesaker der tiltaket krever dispensasjon fra bestemmelser gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven»

Om kommunen sitt vedtak etter plan- og bygningslova blir klaga på, er det departementet som er klageinstans, jf. plan- og bygningsloven § 1-9, 5. ledd. Dette myndet er delegert frå departementet til fylkesmannen.

Krav til sakshandsaming

Av § 1-9 i plan- og bygningslova går det fram at forvaltningslova gjeld for mellom anna byggesaker. Forvaltningslova stiller ei rekkje krav til sakshandsaming i kommunen. Mellom anna skal kommunen:

- grunngje vedtak (§§ 24 og 25)
- gje skriftleg melding om vedtak og opplysningar om klagetilgang m.v. (§§ 23 og 27)

Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur

Lov og forskrift

- Miljøverndepartementet: *Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)*. LOV-2008-06-27-71.
- Kommunal- og regionaldepartementet: *Forskrift om byggesak (byggesaksforskriften)*. FOR-2010-03-26-488.
- Miljøverndepartementet: *Forskrift om tidsfrister, sanksjoner ved overtredelse av fristene, for private forslag til detaljregulering etter § 12-11 i plan- og bygningsloven*. FOR-2010-06-11-815.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet: *Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommuneloven)*. LOV-1992-09-25-107.
- Justis- og beredskapsdepartementet: *Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (Forvaltningsloven)*. LOV-1967-02-10.
- Reusch, Marianne (2013, 23. oktober). Kommentar til Plan- og bygningsloven. Henta i Norsk lovkommentar, 10. oktober 2016, frå www.rettsdata.no

Dokument frå Bokn kommune

- Delegasjonsreglement for Bokn kommune, revidert etter kommunestyre sitt vedtak 13. desember 2016.
- Kommuneplan 2012-2024

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	07.11.2017	049/17

Saksansv. Gro Sørensen	Arkiv K1 - 033	Arkivsaknr 17/562
-------------------------------	-----------------------	--------------------------

Samlesak for referatsaker

Protokoll frå Kontrolluvalet sitt møte 18.10.2017

BOKN KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag **18. oktober 2017** blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiing av utvalsleiar Lars Øyvind Alvestad.

MØTESTAD:	Boknatun, møterom 1.etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 17.00 – kl. 19.15
MØTANDE MEDLEMMER:	Utvalsleiar Lars Øyvind Alvestad (Ap) og May Jorunn Vatnaland (Sp)
FORFALL:	Jørn Hansen (Uavh.) – kort varsel
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partnar Else Host-Larsen, Deloitte AS Forvaltn.revisor Kari Gåsemyr, Deloitte Bergen via mobil i sak 11/17
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Jan Erik Nygaard Teknisk sjef Kåre Bua i sak 11/17
MERKNADER TIL INNKALLING:	Sakskart mangla på kommunens nettside og i Dropbox
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 10/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 22.05.17

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 22.05.17 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 18.10.17:

Utvalsleiar hadde forfall sist møte. Vatnaland hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.10.17:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 22.05.17 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 11/17 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «PLAN, BYGGESAK OG EIGEDOM»

Sekretariatet si innstilling:

1. Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Plan, byggesak og eigedom i Bokn kommune» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 18.10.17:

Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr, Deloitte gjorde via mobil greie for rapportens innhald med utgangspunkt i kap. 5 - konklusjon og tilrådingar.

Rådmannen viste til sine kommentarar i rapporten, men utdjupa forholda innan teknisk nærare. Han viste bl.a. til sak sendt til politisk handsaming nå i oktober om delegasjonsreglement. Overføring av oppgåver til Karmøy skyldast: manglande kompetanse innan plan og bygg (svært krevjande arbeidsfelt) og oppgåver innan kart og landbruk har tidlegare vært utført av Tysvær kommune. Han klargjorde kommande rutinar og utfasing av kjøp av konsulenttenester og personellsituasjon. Prinsipielle saker og negative vedtak etter delegasjon vil fortsatt bli lagt fram for dei folkevalde. Utvalet hadde fleire spørsmål som det blei gjeve svar på.

Utvalet blei samde om å ta inn i pkt. 3 følgjande tillegg:

... ..og korleis den nye avtalen frå 01.09.17 med Karmøy kommune fungerer,

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.10.17 og innstilling til kommunestyret:

1. *Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Plan, byggesak og eigedom i Bokn kommune» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten og korleis den nye avtalen frå 01.09.17 med Karmøy kommune fungerer, innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 12/17 REVISJONSPLAN FOR 2017

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tar revisjonsplan 2017 frå Deloitte AS og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor til orientering.

Møte nr. 3/17

Handsaming i kontrollutvalet 18.10.17:

Revisor Else Holst-Larsen orienterte om revisjonsplanen og viste den på skjerm. Ho gjorde greie for omfang og angrepsvinklar, orienterte om vesentlegheitsgrenser, fokusområder, verdiar og eigenerklæringa. Revisor svara på spørsmål undervegs.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.10.17:

Bokn kontrollutval tar revisjonsplan 2017 frå Deloitte AS og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor til orientering.

SAK 13/17 BUDSJETT 2018 – KONTROLL OG TILSYN - UTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Bokn kommune for 2018 vert på i alt **kr 335.000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet	kr	58.000
Kjøp av sekretærtjenester (HKS IKS)	kr	112.000
Kjøp av revisjonstjenester (Deloitte AS)	kr	185.000

Handsaming i kontrollutvalet 18.10.17:

Utvalssekretæren gjorde greie for oppsettet. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.10.17 og innstilling til kommunestyret:

*Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Bokn kommune for 2018 vert på i alt **kr 355.000,- eks mva** fordelt på følgjande:*

<i>Kontrollutvalet</i>	<i>kr</i>	<i>58.000</i>
<i>Kjøp av sekretærtjenester (HKS IKS)</i>	<i>kr</i>	<i>112.000</i>
<i>Kjøp av revisjonstjenester (Deloitte AS)</i>	<i>kr</i>	<i>185.000</i>

SAK 14/17 MØTEPLAN FOR 2018

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2018:

onsdag 28.02, tysdag 22.05, onsdag 05.09 og onsdag 07.11 kl. 17.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 18.10.17:

Utvalssekretæren orienterte om framlegget. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.10.17:

Bokn kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2018:

Møte nr. 3/17

onsdag 28.02, tysdag 22.05, onsdag 05.09 og onsdag 07.11 kl. 17.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

SAK 15/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 18.10.17

31. Orientering om økonomi og løpende og kommende prosjekt v/rådmannen
32. Statusrapport pr. oktober 2017
33. Protokoll fra generalforsamling i Haugaland Kraft AS 12.06.17
34. FKT-konferansen i Tromsø 7. – 8. juni
35. FKT – protokoll frå årsmøtet 07.06.17
36. KS utgitt revidert rettleiar om ytringsfridom og varsling
37. Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland 30.11.17 - program
38. Haugalandspakken AS – ekstraordinær generalforsamling 30.10.17
39. Haugaland Kraft AS – ekstraordinær generalforsamling 14.11.17

Handsaming i kontrollutvalet 18.10.17:

Rådmannen orienterte. 3.tertialrapport var under utarbeiding og syner overforbruk innan omsorg. Inntektene frå Statens vegvesen til vassverket er forsinka. Utbygginga av sjukestova og omsorgsbustadene er godt i gang. Rekneskapan for idrettshallen blei innan fastsett kostnadsramme på 50 mill. kr. Nytt interkommunalt samarbeid innan IKT er under planlegging. Dei to siste åra har kommunane hatt eit fellesprosjekt om velferdsteknologi. Haugaland Brann og Redning IKS er kome i drift frå 01.10. I haust var det vore felles øving for alle kommunane på Haugalandet. Det vil bli meir innstramming i kommuneøkonomien i åra framover og meir fokus på tenestene.

Utvalssekretær orienterte om dei andre referatsakene. Ingen av medlemmene hadde høve til å delta på Haustkonferansen. Sekretær varsla at Karmøy kontroll- og kvalitetsutval har tatt initiativ til ein samordna selskapskontroll av Karmsund Havn IKS. Utvalet var samd i at ei kommande sak til utvalet kan bli gjort med skriftleg sakshandsaming.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.10.17:

Referatsakene 31 - 39 blir tatt til orientering.

Eventuelt

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte

Neste møte skulle etter planen vere 15. november, men sidan septembermøtet var skjøve til oktober, vart utvalet samd om å avlyse møtet, med mindre det skulle dukke opp noko spesielt. Neste møte vil då bli onsdag **28. februar 2018.**

Bokn, 18. oktober 2017

Lars Øyvind Alvestad
Utvalsleiar (sign.)

Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)